



Årsmelding 2023 - Hovudstyret

Styret i EIL har vore samansett slik :

| | |
|-------------|---|
| Leiar | Julie Humlestøl-Titlestad (Per-Øyvind Sørbø konst.leiar sept.2023) |
| Nestleiar | Steinar Svardal |
| Skrivar | Liv Torsvik Myrvollen |
| Økonomi | Liv Margrethe Standal |
| Styremedlem | Lene Engebø |
| Varamedlem | Per-Øyvind Sørbø |

Leiarar i gruppene:

| | |
|------------------|-------------------------|
| Friidrettsgruppa | Kristen Stæger Breisnes |
| Skigruppa | Stig Solheim |
| Fotballgruppa | Silje Knapstad |
| Basketgruppa | Lea C. Eikefjord |
| Handballgruppa | Marco Scharschmidt |
| ETS | Kenn Are Hallstensen |
| Allidrett | Mona Ødegård Standal |

Valnemd:

| | |
|-----------|---------------------|
| Leiar | Bright Olav Samdal |
| Nestleiar | Solveig Svardal |
| Medlem | Inger Johanne Sørbø |

Styrearbeid

Det nye styret har bestått av 2 stk frå det gamle styret og 3 nye medlemmer – av dei ny styreleiar. Det har vore jobba godt og målretta med saker som har lagt til hovudlaget og saker som har vore meldt inn til styret.

Vi har hatt både teams og fysiske møter. Det har gjennom året vorte heldt 2 fellesmøte med gruppestyra.

Grunna sjukdom på leiar vart det i September 2023 konst. ny leiar fram til årsmøte 2024

Besøk av NIF vestland + idrettspresidenten Berit kjøll

Vi vart kontakta av Vestland idrettskrets om vi kunne stille som vertskap for besøk av idrettspresidenten Berit Kjøll. Styret i Vestland idrettskrets og representantar for dei politiske partia i Kinn Kommune stilte på møtet. Vi vart utfordra om å snakke om økonomi, dugnad og frivilligheit. Etter ein god time var det tid for omvising av fleirbrukshallen og ein tur ut på stadion for å vise fram kunstgrasbana. Ein kjekk og stor dag for EIL



Hytta på fjellet «Kvilehytta»

I 2023 sette vi punktum for siste kapittelet om hytta vår. Historia går heilt tilbake til 2018 då dei første tankane om ei «dagsturhytte» i regi Eikefjord Idrettslag. Vi var alle einge i den tida at den skulle erstatte Lien-selet på Eikefjord støylen. Som alle veit drog dette ut og Kinn Kommune og Statsforvaltaren greidde ikkje å dra dette i land. Difor måtte vi finne ein ny plass. Valet fall på ein flott utkiksplass mellom Hovlandstøylen og Eikefjordstøylen. Kinn Kommune forhandla fram avtale med grunneigar Hans Endestad og gleda var stor då helikopteret flaug opp hytta i mai mnd. Vi markerte opninga onsdag 13. juni med kaker, kaffi og saft – snorklipping med ordførar Ola Teigen. Gåvesjekk frå Sparebanken og mykje folk tilstades. Vi gav hytta navnet Kvilehytta.




Samarbeid med Eikefjord Grendalag /badstu på stranda


Eikefjord Idrettslag tok kontakt med Eikefjord Grendalag om eit samarbeid om å etablere ei badstu på badestranda. Vi har bidratt med økonomi og praktisk arbeid for å realisere prosjektet som har ei kostnadsramme på kr. 350.000 . Vi håper på opning før 17.Mai 2024.

Trygg på trening

Dette er eit arbeid vi i styret har jobba med over fleire år. Liv Torsvik Myrvollen har vore vår representant og pådrivar for arbeidet. Etter årsmøte i 2022- var det satt ned ein komite på 3 parter : EIL hovedstyret (Liv Torsvik Myrvollen) Handball (Catrin Barstad) Fotball (Kari Mydland). Trygg på trening vart implementert i Idrettslaget hausten 2023. Det skal vere låg terskel og det skal vere trygt å varsle om kritikkverdige forhold i EIL.



Spond



Oppsummering av arbeidet: Det vart bestemt på årsmøtet 2023 for Eikefjord Idrettslag at alle idrettar underlagt hovudlaget skal ta i bruk Spond som ny informasjonsplattform, i staden for facebooksider/ div andre sider. Plattformen er reklamefri, ein loggar inn med eigen brukar, og har støtte for 2-trinnsverifisering. Plattformen/appen kan nyttast via nettlesar eller via app på smarttelefon.

Alle idrettane vart kalla inn til informasjonsmøte, men svært få møtte. Etter sommaren 2023 blei det satt ned ei gruppe for dette arbeidet som bestod av rep. frå fotball, handball og basket. Deira arbeid var å lage til ein mal/brukarretteiing for bruk av Spond. Handball og fotball har jobba fram løysing som no er i bruk i ein del av gruppene.

Utstyrsleverandør 2024-2028

EIL hovudstyret har signert ny 5 års avtale med Sport 1 Førde / Umbro . Meir info om tankar kring samarbeid frå begge parter vert presentert på vår heimeside om kort tid.



Sponsoravtaler 2024-2028

Det er svært gledeleg at vi kan bekrefte at dei 5 hovudsponsorane, som har vore med oss sidan 2018- 2023, har alle signert nye 5 årsavtalar. Det gjer oss stolte og glade – tusen takk til Ramsdal maskin , Sparebanken Sogn og fjordane Steinvik Fiskefarm, Brødrene Aa og Fjordpipe.



Like gledeleg er det at vi har knytt til oss 3 nye hovudsponsorar for dei neste 5 åra (2024-2028). Vi ynskjer Eninvest , Walcon og Spar Eikefjord velkommen på laget . Meir info og presentasjon av alle sponsorane kjem på heimesida / media/sosiale plattformer.

Anlegg:

**Fleirbrukshallen/idrettsanlegget Kvalvika / Humlestøylen skianlegg/
turstiar og hytter.**

Vi er stolte over Fleirbrukshallen, anlegget i Kvalvikdalen og skianlegget på Humlestøylen, samt turstiar og hytte i regi EIL. Men vi ser at dette krev kontinuerleg vedlikehald og utvikling . Vi bruker mykje pengar for å utvikle disse anlegga og det er framleis behov for investeringar. Vi har pr dato ikkje ei anleggsgruppe i idrettslaget og vi ser at det må komme. Vedlikehald, utvikling, oppdateringar og nye anlegg vil ta mykje av økonomien framover. Samtidig ser vi i at idrettsanlegg i nærleiken vert utsett for hærverk og vi har ein kommune som sparer inn på alt som gjeld idrett og kultur. Meir må gjerast på dugnad og fleire må bidra. Vi er enno forskåna for dei store utgiftene på reperasjonar grunna hærverk. No ser vi at andre idrettslag søker om å arrangere sine kampar/turneringar på våre anlegg. Difor må vi «alle « ta på oss

vaktmeister-uniformen og ta praten rundt middagsbordet om viktigheita av at anlegga «er litt ditt» som det heiter i reklamen. Dette kjem til å utfordre oss framover!!

Garanti kunstgrasbana

Vi kjenner alle til problematikken rundt den nye kunstgrasbana vår. Det har vore gjort ulike tiltak for å bøte på dette – utan å ha lukkast heilt. No har vi lagt alle korta i potten og satsar på at dette vert ordna opp når Unisport kjem opp att i april /mai i år med ein representant som har overtydd Kinn Kommune at all stein som ikkje høyrer til i banedekket skal bli tatt vekk.

Dugnad/frivilligheten / tida etter corona

Utan frivilligheita stopper EIL !!!!! Det er so mange som burde vore nemnt og takka for arbeidet dei legg ned for barn og unge /vaksne i Eikefjord Idrettslag . Mange timer som trenar, leiar, dugnadskøyring, løypepreparering, vaffelsteiking, vakt etc. Vi takkar alle saman og ber om at vi formidlar og rekrutterer nye små og store i eit felles løft for idretten i bygda

- Eikefjord Idrettslag – Styret



TAKK FOR STØTTEN ALLE GODE SPONSORER

HOVUDSPONSORAR

